



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2014

ÅRGANG 29

*Årsmøte i laget  
24. februar kl. 19.*



*Konsert med Arne Sølberg  
30. mars kl. 15.*



*"Trost i taklampe" 8. mai kl. 19.30*

## Mykje godt på plakaten

Godt nytt lagsår! No har me mykje bra på programmet, og ein god del dreiar seg om *hundreårsjubilarantar*. Sognalaget ville – om det framleis hadde vore eige lag – fylt 100 i år – skipa 12. mars i 1914. Så på dagen hundre år etter samlast alle sogningar og nærskylde som har høve og lyst

• **Onsdag 12. mars kl. 18.00** til ein enkel "festmiddag" på Kaffistova (truleg i Kjellarstova), Rosenkrantz gate 8, slik tilflytte sogningar og andre møttest den fyrste tida i hovudstaden. Det vert heilt uformelt, med hovudvekt på mimring, mat og prat.

• **Torsdag 8. mai kl. 19.30** skal me feira ein annan 100-årsjubilar, *Alf Prøysen*, med å gå og sjå "Trost i Taklampe", ein verkeleg klassikar av eit spelstykke på Det Norske Teatret. Meld deg på til innan 15. mars, har berre 16 plassar! Sjå neste side.

• Men før den tid er det årsmøte i laget, **måndag 24. februar kl. 19.00**, i møterom innom Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22. Les årsmeldinga som ligg ved, kom på årsmøtet og ta del i ordsiftet om lagsdrifta no når gamlelaga rundar 100 i tur og orden.

• **Sundag 30. mars kl. 15.00** er det høve til å høyra dei eminente musikarane *Arne Sølberg* på fele og *Øyvind Lyslo* på gitar frå heimfylket på Riksscena for folkemusikk og folkedans, inst i Schouskvar-talet nedst på Grtinerløkka. Gå ikkje glipp av den konserten!



FOTO: Alv Reidar Dale ©

• Og så må me ta med at også Hardinglaget i Oslo rundar 100 år, gjev ut jubileumsbok og held **laurdag 22. mars kl. 19.00** – saman med fleire andre aktorar frå Hardanger – stor festkonsert i sjølvaste Konserthuset. Billettar (kr. 535 eller 430) gjennom Billettservice.

• Dessutan fyller *Sogn og Fjordaneringen* 60 år i år og skipar til feiring **laurdag 11. oktober**, det kjem me attende til i seinare nummer. Ringen held elles dei vanlege øvingane og forkurs på tysdagane og dei folkedansane i Storsalen som ringen er ansvarleg for på sundagskveldane i vinter og vår.

Fylg med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaneringen.no/>

*Alv Reidar Dale*  
Lagsleiar

# Opplev *Trost i taklampa* torsdag 8. mai!



Sogn og Fjordanelaget har vore så heldige at me har sikra seg 16 billetter til **torsdag 8. mai kl. 19.30**, Scene 2 på Det Norske, på «*Trost i taklampa*»!

I høve 100-årsjubileet for *Alf Prøysen* kjem «*Trost i taklampa*» no i ei ny dramatisering av *Kristin Auestad Danielsen*.

«*Trost i taklampa*» er Alf Prøysens einaste roman, og den var ein enorm sals-suksess. Dramatiseringa av romanen frå 1952 blei også ein hit og redda Det Norske Teatrets økonomi då. «*Trost i taklampa*» har blitt sett opp som teater og musikal, og boka har også blitt filmatisert. Boka er ei kraftfull skildring av dei kompliserte prosessane som driv konflikten mellom by og land, ein tematikk som er aktuell også for eit innflyttarlag som vårt i eit år der me også ser litt tilbake i tida.

## Flukta frå bygda

Det er midt i blåklokkevika, og planar for laurdagen skal leggjast. Gunvor Smikkstugun (*Charlotte Frogner*, foto) har flytta til byen og fått seg jobb. No kjem ho heim til bygda på ferie, og ho gler seg til å sjå att familie og gamle vener, og uvenner. På same tog sit òg Lundjordet (*Hallvard Holmen*), som har vore tenar på Smikkstad, men er no ein kjend diktar. Han skal halde foredrag om «flukta frå bygda».

Laget får 20 % avslag, dvs. billettane kostar **255 kroner**. Me må setja **påmeldings- & betalingsfristen til 15. mars**. Påmeldinga er bindande, og du set summen inn på laget sin konto: **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med «*Trost i taklampa*» og eige namn og adresse!

Du melder deg på til Jofrid Holter, på e-post: [jofrid.holter@hioa.no](mailto:jofrid.holter@hioa.no) eller sms: 97 59 15 42.



Hardinglaget i Oslo fyller 100 år og Hardanger fyller 200 år i 2014.

## Opningsfest: *Hardanger i hundre*

Me har med dette gleda å invitera deg til framsyninga «*Hardanger i hundre*» i Oslo Konserthus 22. mars 2014 kl. 19 – 22. Kvelden er ein hyllest til Hardanger av hardingar – eit kulturelt postkort med det beste frå alle Hardanger-kommunane.



Mange fleire detaljar på <http://hardanger2014.no/events/opningsfest/>

## Søndagsdans / folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22

Nær alle søndagar i perioden frå september til mai er det frå 19.30 - 22.45 søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

### Inngang søndagsdans:

Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-  
Studentpris kr. 50,-

### Inngang minikurs:

Alle kr. 120,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)  
Studentpris kr. 80,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)

Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholritt miljø!

### Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!

... "usikker på golvet" ? - då kan du vurdere deltaking på eit [DANSEKURS](#) ?

<b>02. FEB '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Bodapolska	Halli	S&Fj
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Bærum spellemannslag</a>	Storsalen	S&Fj
<b>09. FEB '14</b>			
18.00-20.30	Minikurs - Stildans	Halli	LS
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Eiker spellemannslag</a>	Storsalen	LS
<b>16. FEB '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Springar frå Nordre Sunnmøre	Halli	FDN
19.30-22.45	Rund-/folkedans - NMH Folk	Storsalen	FDN
<b>23. feb '14</b>			
... ingen kurs/dans pga vinterferie/Rørøsmartna			
<b>02. mar '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Valdresspringar ( <a href="#">sjå eks.</a> )	Halli	VL
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Østerdølenes spellmannslag</a>	Storsalen	VL

<b>09. mar '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Rørøspols ( <a href="#">sjå eks.</a> )	Halli	HR
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Steinsgårdskroken</a>	Storsalen	HR
<b>16. mar '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - ???	Halli	HL
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Enebakk spelemannslag</a>	Storsalen	HL
<b>23. mar '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Bingsjöpolska	Halli	S&Fj
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Farande Fant	Storsalen	S&Fj
<b>30. mar '14</b>			
18.00-20.30	Minikurs - Stildans	Halli	LS
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Solveig &amp; Ole</a> med venner	Storsalen	LS
<b>06. apr '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Polsdans frå Finnskogen ( <a href="#">sjå eks</a> )	Halli	HR
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Fanteladdane	Storsalen	HR
<b>27. apr '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs- ???	Halli	?
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Tonje &amp; Stein Magne</a>	Storsalen	?
<b>04. mai '14</b>			
18.00-20.30	Minikurs - Stildans	Halli	LS
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Sofienberg spellemannslag</a>	Storsalen	LS
<b>11. mai '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Bodapolska	Halli	S&Fj
19.30-22.45	Rund-/folkedans - <a href="#">Dølalæte</a>	Storsalen	S&Fj
<b>17. mai '14</b>			
20.00-23.00	17. mai-dans - <a href="#">De frilynde</a>	Storsalen	FDN
<b>25. mai '14</b>			
18.00-19.30	Minikurs - Springar frå Tovdal	Halli	FDN
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Solveien spelemannslag	Storsalen	FDN
<b>01. jun '14</b>			
12.00	<a href="#">Bygdelagsstemnet 2014</a>	Bygdøy	FDN

---

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2013 OG VINTEREN/VÅREN 2014

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag	Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen.
Onsdag 12/3	Festmiddag på Kaffistova i høve 100 år sidan skipinga av Sognelaget
Måndag 24/2	Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget kl. 19.00
Laurdag 22/3	Hardinglaget 100 år
Søndag 30/3	Arne Sølvsberg og Øyvind Lyslo spelar å Riksscena for folkemusikk og Folkedans
Torsdag 8/5	«Trost i taklampa» på Det Norske Teatret
Laurdag 11/10	Sogn og Fjordaneringen feirar 60 år

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste avisa er 18/3. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

### VIKTIG MELDING – MEDLEMSPENGAR:

No vert lagsbladet Tre Fjorlar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

---

# A

---

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale@uniforum.uio.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar@getmail.no

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad@nvh.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
agnar.hegrenes@nilf.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj@frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
Dagfinn Aa  
daa@ssb.no

### SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)  
alb@geofrost.no

---